

Fra: Jens Bjordal <jens.nagell.helge@outlook.com>
Sendt: fredag 13. mai 2022 15:47
Til: Postmottak Alver
Kopi: Hanne Marie Evensen; Terje Floeysand; Kari Rougne
Emne: Sender e-post: Avvist søknad om vassledning og avlaupsgrøft - gbnr 35522 Skjelanger
Vedlegg: Avvist søknad om vassledning og avlaupsgrøft - gbnr 35522 Skjelanger.pdf

Til Alver kommune v/ Hanne Marie Evensen.

Viser til kommunen si avvisning av byggesak for avlaup/vassledning. Sjå vedlegg.
Avvisninga er grunngjeve med manglande løyve til å føre grøft over gnr.355 bnr. 7,22,13,63 og 64 .

Det er tidlegare opplyst og dokumentert at bnr. 7 og 22 er eigd av tiltakshavar og skulle derfor ikkje ha trong for nokon løyve til å føre privat leidning over eigen grunn. Tilkopling til kommunal vassledning og avlaup skal skje ved tilkopling til eksisterande privat stikkledningar som eigar av er gitt løyve til og som er tinglyst. Det skal ikkje nå leggjast nokon nye leidningar over bnr. 13,63 og 64. Felles avlaupsledning som mellom anna går over desse eigedomane er lagd og godkjent av kommunen for mange år sida og løyve til tilkopling til denne privatleidningen er gitt og retten tinglyst.

Alt dette er tidlegare dokumentert med kart og søknad.

Kommunen si grunngjeving for avvisning av søknaden må derfor vera ei mistyding som eg ber om vert retta opp slik at løyve som tidlegare omsøkt, vert gjeve. Dersom det er vanskeleg å forstå korleis dette anlegget er tenkt gjennomført samt å forstå plassering av dei gamle anlegg som ny stikkledning skal koplast til , vil ein be om eit fysisk møte med sakshandsamar for betre å kunne opplyse om tiltaket. Då saman med utførande røyrleggjar Terje Fløysand.

Mvh.

Jens Bjordal
Ansv. Søkjar.

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

Avvist søknad om vassledning og avlaupsgrøft - gbnr 35522 Skjelanger